

FAU møte 15.11.2022

Tilstede:

Anette Gerda Rønhovde
Anders Nyland
Veslemøy Solheim
Vivian Midtbø
Anette Storesund
Herdis Brunborg
Renate Morild
Hanne Lilja Falkanger
Marianne Tranøy
Eileen Dalland
Emma Josefin Ölander Aadland
Pål Øyvind Bakken

Rektor orienterer:

- Parken/Graven blir forhåpentlegvis ferdigstilt i slutten av november
- Oppkjøp av Eventyrskogen – ingen avklaring endå, framleis forhandlingar
Det er viktig at det snart blir ei avklaring her, oppgraderingar av bygget er nødvendig.
- Løysingar for utviding av garderobar i 3. etasje ved Krohnengen er under vurdering- det er ikkje nok garderobepllass slik det er i dag.
- Både rektor og FAU ser det som viktig at skulen held seg til (maks.) to lokasjonar. Det kan kanskje bli aktuelt å få areal i form av paviljongar på Krohnengen.
- Bergens kompetansesenter for læringsmiljø er inne og vurderer alternative løysingar for å kunne variere læringsmiljø- alternative plassar for undervisning. Eksempel er gapahuker, Fløyen etc., naturen og nærmiljøet bør bli brukt i større grad.
- Læringsmiljø/skolemiljø:
 - Skulen har hatt inne ekstra ressursar på 7. trinn sidan august ifbm uro i klassen
 - Alvorlig enkelthendelse som involverte 3 elevar rett etter haustferien
 - Det har vore møter med alle foreldre i tillegg til politi og utekontakten som har informert rundt slike problemstillingar og korleis det står til i miljøet generelt i bydelen. Barna var og med i eige møte med politiet.
 - Nettvett og sosiale media var eit viktig tema som blei løfta fram (Tips, følg «Politiets nettpatrulje – Vest» på sosiale medier)
 - Team skyfritt er inne i klassen (informasjon frå skulen si heimeside: «Gjennom Skyfritt skal kommunen styrke innsatsen for å forebygge, avdekke og håndtere mobbing i barnehagen, på skolen og på fritidsarenaer»).
 - FAU får også råd frå Mobbeombodet om korleis foreldre kan bidra. Betydning av vi-følelse er særlig trekt fram.
 - Storefri torsdager: Prøveordning med at 7. trinn har storefri adskilt frå dei andre trinna, for å gi betre rom. Lite plass er eit av problema – det blir fort knuffing –
 - Det har og blitt observert at liknande problem er ein endra trend etter pandemien, dei sosiale tiltaka har vore satt på vent under pandemien.
 - Borna har og eit ansvar og dei har fått beskjed om at det blir forventa at dei kontaktar vaksne når problem oppstår.
 - Foreldra er eit viktig lag rundt barna for å bidra til positive skolemiljø ved å framsnakke både lærarar og skulen.
 - Bekymringar for lærermiljø/skolemiljø skal meldast til leiinga ved skulen

- Forebygging er og viktig
- Innspel frå FAU om foreldre burde tatt initiativ til å vere til stades ei stund etter skuletid/skuleveien heim, som ei form for «dagravner»
- FAU ynskjer at statusrapportar og informasjon om oppfølging/korleis situasjonen med miljøet utviklar seg skal vere eit fast punkt i informasjonen frå skulen
- Spørsmål frå FAU: Korleis skal FAU behandle bekymringsmeldingar frå foreldre?
 - Foreldre kan melde direkte til skulen via kontaktskjemaet på heimesida. Ein kan også nytte fritekst e-post, men ein oppmodar til skriftleg bekymringsmelding
 - Kontaktlærer skal og videreformidle ein bekymringsmelding frå foreldre
 - Foreldre skal ikkje vere redde for å melde inn bekymringar for sine barn dersom dei opplever at barna opplever mobbing/krankelser
- SU-møtet er flytta til 8. desember: tema er skoleruten, ordensreglar og skolemiljø
- Valg av kirke til skulegudsteneste før jul:
Skulen pleier å fordele elevane på to skulegudstenester, og tidlegare år har man benytta seg av både Sandvikskirken (1.-4. trinn) og Mariakirken (5.-7. trinn), ettersom elevtallet utfra adresse deler seg ca likt på desse to kirkene. FAU har fått reaksjonar frå foreldre som syns det er feil at dette no er endra til to skulegudstenester i Mariakirken.
FAU har sendt mail til rektor med oppfordring om å benytte seg av begge kirkene framover - enten ved rotasjonsordning eller ved at man deler trinna som før. I FAU-møtet svarar rektor at det i eit møte på skulen samme dag har kome fram at lærargruppa vil motsette seg samarbeid med Sandvikskirken, og der står saka no.
- Spørsmål frå FAU ifht at temperaturen blir skrudd ned i bygga, foreldre bør få informasjon om dette for å kunne passe på at barna har varme nok klede på skulen.

FAU-møte

- Oppdatering vedrørende utfordringene på 7. trinn og arbeidet ifbm dette.
 - Viktig å presisere at dette gjeld ikkje alle trinn, ei heller alle barn på 7. trinn, det er veldig mykje bra på skulen!
 - Ein ukultur har vokst fram frå då trinna blei slått saman i 5. klasse, har fått utvikle seg med uro/støy og mobbing. Lærarane har ikkje hatt verktøy til å handtere dette frå å eskalere. Litt ulike utfordringar på dei 3 klassane på 7. trinnet. Pga pandemien har det vore få kontaktpunkt mellom foreldre og lærarar, kontakten har ikkje blitt etablert.
Oppfordrar foreldra til å hjelpe sin klasse og sitt trinn til å skape «vi-følelsen». Arranger bursdager, Halloween, vennegrupper etc. Lurt at FAU informerer om viktigheten av dette i starten av kvart klasseår. Viktig at klasselistene med kontaktdetaljar til alle foresatte blir fylt ut og oppdatert kvart år/når nye elevar kjem inn i klassen og at denne blir sendt ut til alle foresatte. Dette kan bidra til at foreldre tar direkte kontakt med andre foreldre, både når kjekke og mindre kjekke ting skulle oppstå.
I etterkant av enkelthendinga på 7. trinn har det og kome fram at elevar frå lågare trinn har opplevd ugreie episodar i relasjon til 7. trinn.
FAU har sendt mange spørsmål til leiinga for å få tilbakemeldingar ifht korleis skulen jobbar vidare med desse sakene og skolemiljøet.
Det har blitt gjennomført klassemøte med elev, føresatt, ledelse og kontaktlærer.
Utfordra ledelsen ifht informasjonsflyten mellom skule og foreldregruppa

FAU ynskjer ikkje medieomtale om enkeltsaker, henvis til FAU-leiar ved spørsmål frå media.

FAU har og dialog med fritidsaktiviteter og idrettsalg om situasjonen på 7. trinn.

- FAU får meldingar frå foreldre som tyder på at det er stor forskjell på korleis lærarane handterer uro, og kanskje er det ein del nyutdanna som treng støtte her. Det er usikkerhet om i kva grad skulen har ei mentor-ordning for nyutdanna?
 - Fleire foreldre er usikre på om deira bekymringar har nådd fram. FAU kan hjelpe og gi råd men aller viktigast at foreldre melder direkte inn, og vårt råd er skriftlig melding til både kontaktlærar, avdelingsleder og rektor. FAU tenker derfor no å forfatte ein felles tekst som alle FAU-rep. bør legge ut på trinnvise FB-sider, om at vi råder alle til å melde smått og stort på denne måten (altså skriftlig og til både kontaktlærar, avdelingsleder og rektor) samt at foreldre om ønskelig kan vise til at dei har fått råd av FAU om å gjere dette. Gjerne melde ein ekstra gang om dei er usikre på status til det som er meldt før.
 - Positive erfaringar frå tidlegare år om møte-opplegg med Barnevakten om bl.a. nettvett, alderstilpassa grupper, ca tredelt skule, inkl. modell der dei eldste elevane var med saman med foreldre. FAU ønsker dette over jul, vi tar det opp med rektor.
-
- Evaluering høstens trafikkaksjon
 - For nokre av trinna var det litt vanskeleg å rekruttere foreldre til å stå vakt
 - Forslag om at vi bør inn og informere om aksjonen tidlegare på hausten, gjerne på det første foreldremøtet
 - formidle til dei ansatte ved skulen at dei ikkje må rygge inn på ansattparkeringa i mørket på morgon. Det blei observert situasjonar som kunne blitt farlege ifbm dette.
 - Trafikkaksjonsgruppa fyller ut evalueringsskjema.
 - Status julemarked/juleverksted:
 - Sendt ut info til alle trinnkontakter om å arrangere juleverksted
 - Treng hjelp til nokon oppgåver, ligg ute i liste på FAU-driven.
 - Alle trinn skaffar premiar til lotteri
 - Det vil bli sendt ut info om formålet som inntektene går til, vennskapsskule i Afghanistan

- Arbeidsgruppa for 17.mai-faner treng eit nytt medlem som er forelder ved skulen også neste år, då to av tre i dagens gruppe er for 7.trinn, og saken slik det ser ut no kjem til å gå til neste skuleår. Siri-Anne meldte seg ne, frå før er Anette, Herdis og Elise med.
Det er planlagt møte med rektor 30.11.22 kl. 15.00